

Fra: Linda Øen (linda.oen@kvinnherad.kommune.no)

Sendt: 23.06.2016 14:11:31

Til: Anne-Grethe K Berge

Kopi: Lila Marie Moberg; Iuliana Eide

Emne: Utbetaling av tilskot til Skareveland skule

Vedlegg:

Hei

Eg syner til Rapport over tur til Halsnøy Kloster.

Løvyd tilskot på kr. 2800,- vert overført frå

13725 – 2311 – 2310 til 17700 -1131 -2020 -2114.

Ha ein fin dag!

Beste helsing

Linda Øen

Rådgjevar kultur og idrett

Kultur og fritid

Kvinnherad kommune

Tlf. 97067136

www.kvinnherad.kommune.no – www.facebook.com/kvinnherad - [Sjå vår brosjyre!](#)

Fra: Anne-Grethe K Berge

Sendt: 17. juni 2016 15:30

Til: Linda Øen <linda.oen@kvinnherad.kommune.no>

Kopi: Lila Marie Moberg <lila.moberg@kvinnherad.kommune.no>

Emne:

SKULETUR TIL HALSNØY KLOSTER

5.-7. klasse ved Skarveland skule var på omvisning på Halsnøy Kloster onsdag 25. mai 2016. Me leigde buss frå skulen, og var på klosteret klokka 9. Der fekk me ei interessant omvisning av guide. Me såg på alle ruinane, og guiden fortalde om tida då munkane hadde stor makt og rikdom over eit stort område. Me fekk også omvisning i det nye hovudhuset.

Etterpå grilla me i stranda ved klosteret, der skipa i middelalderen kom og la til, og me såg ut på skipsleia. Mette av inntrykk og pølser, rusla me til Halsnøy skule, der me spela fotballkamp mot 7. klasse. Bussen tok oss heim til vanleg skuleslutt.

Både før og etter turen vart det undervist om kloster og klosterliv i mellomalderen, og på Halsnøy spesielt, i dei forskjellige klassane.

25 elevar, 2 lærarar og ein assistent var med på turen.

Me hadde utgifter til bussen og grillinga på over 3 000 kr, og ber om at tilskotet på 2 800 kr blir overført til oss.

Lila har snakka med Helge Gunnar på økonomi, og han seier at Linda kan ta kontakt med han om kontostreng.

God sommar!

Helsing frå
Anne-Grethe Berge
Kontaktlærer 5.-6. klasse
Skarveland skule